



Møtebok for Ulvik fjellstyre

Stad: Saka vart handsama administrativt via epost

Dato: Søndag 09.07.2023

Deltakarar:

Medlemer:

Knut Sygnestveit, Stig Yngve Røkenes, Atle Ulgenes, Kåre Olai Solheim, Johannes Sponheim

Sekretær:

Ole Rune Røkenes

Saker til styremøtet:

25/23: Småviltjakt 2023 – avgrensa antal jaktkort

Publisert 17.07.2023

Underskrifter:

Me stadfestar at møteboka er rett:

Knut Sygnestveit

Stig Yngve Røkenes

Atle Ulgenes

Kåre Olai Solheim

Johannes Sponheim

Kopi til:

- Fjellstyremedlemmer
- Varamedlemmer
- Fjellstyra på Hardangervidda AS
- Fjellstyra kring Hardangervidda
- Statskog SF, Storgata 64 A, 2609 Lillehammer

25/23: Småviltjakt 2023 – avgrensa antal jaktkort

Saksdokument:

- Saksutgreiing sendt ut på epost frå sekretær til medlemmer i Ulvik fjellstyre.

Saksutgreiing:

Etter vedtak om freding 2 veker ut i småviltjakta i 2022, vart saka drøfta på møte i Ulvik fjellstyre den 21.02.2023.

Utdrag frå møtebok (sak 10/23), møte i fjellstyret den 21.02.2023:

Småviltjakt 2023. (saka vart fremja av S. Y. Røkenes)

Saka vart drøfta. Ulvik fjellstyre gjennomførte fredingsvedtak 14 dagar ut i jakta i 2022. Dette grunna lav bestand av fjellrype. Fjellstyret må ta stilling til jakt eller freding i 2023. Det er vanskeleg å gjere ei god vurdering på dette pr. no (i februar månad) då ein veit lite om korleis sesongen vert med værtilhøve og tilhøve for klekking hjå fjellrypa. Fjellstyret ynskjer derfor å gjere ei endeleg vurdering fram mot sommaren. Dette betyr at ein vil fylgja med på utviklinga av rypebestanden gjennom vår og forsommar for å skape eit betre kunnskapsgrunnlag. **Ulvik fjellstyre vil gjere vedtak om småviltjakt evt. fredning innan 15. juli 2023.** Dersom det vert jakt, legg ein ikkje opp til søknad gjennom Inatur. Vurdering på antal kort som eventuelt skal leggjast ut for sal, vert teke samstundes. Fjellstyret vil vektleggja å gje ut god informasjon rundt dette på våre nettsider.

Sal av jaktkort for utanbygdsbuande var i 2022 etter søknad på inatur etter oppdeling av statsallmenningen i 4 jaktfelt, slik:

- Skipanuten/Osafjellet jaktfelt: 15 vekeskort (15.09-21.09) 15 vekeskort (22.09-28.09)
- Grjotrusti/Osafjellet jaktfelt: 15 vekeskort (15.09-21.09) 15 vekeskort (22.09-28.09)
- Finse sør jaktfelt: 10 vekeskort (15.09-21.09) 15 vekeskort (22.09-28.09)
- Nordfjella jaktfelt: 15 vekeskort 15.09-21.09) 15 vekeskort (22.09-28.09)
- I tillegg vert det lagt ut 4 sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt. Etter 14 dagar vert det og mogleg å kjøpe dagskort i kvart av dei 4 jaktfelta.
- Innanbygdsjegerar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jakttag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning.

Tal frå 2022:

- Det vart seld 142 kort totalt.
- Det var felt 155 fjellryper, 2 liryper, 2 harar og 1 røysekatt.
- Omsetninga var kr 112 944,-. (kr. 1200 utgjorde sal til innanbygdsjegerar). Av dette vart kr 19 000,- refundert jegerar for kort som ikkje kunne nyttast grunna fredingsvedtaket.

Vurdering:

Av småvilt er fjellrypa er den arten som vert jakta mest i Ulvik. Fjellrypa klekker i juni månad, med ein topp rundt sankthans. Ein veit av været i klekkeperioden spelar ei viktig rolle, der dårleg vær med lave temperaturar ofte fører til at kyllingane ikkje klarar seg. I år har det i heile denne perioden vore fint og stabilt vær i fjellet. Den første perioden riktignok med nattefrost, men etter

dette ein lang periode med fint stabilt sommarvær og høge temperaturar, også om natta. Det er no godt med innsekt i fjellet. Kyllingane er avhengig av innsekt særskilt dei første dagane etter klekking. Utfrå dette skal det ligge godt til rette for ei god klekking og overleving av fjellrype-kyllingane, denne sommaren. Ein meiner då det er forsvarleg utfrå viltforvaltning, å opne for småviltjakt i 2023, men då med eit avgrensa kortsal. Eit avgrensa antal sal av kort vil redusere antalet jegrar i fjellet, minke jakttrykket og redusere antalet felt vilt. Avgrensinga vil gjelde utanbygdsbuande, då talet på kort som vert seld til innanbygdsbuande er eit lite antal.

Framlegg til vedtak:

- Skipanuten/Osafjellet jaktfelt: 7 vekeskort (15.09-21.09) 10 vekeskort (22.09-28.09)
 - Grjotrusti/Osafjellet jaktfelt: 10 vekeskort (15.09-21.09) 10 vekeskort (22.09-28.09)
 - Finse sør jaktfelt: 7 vekeskort (15.09-21.09) 10 vekeskort (22.09-28.09)
 - Nordfjella jaktfelt: 10 vekeskort 15.09-21.09) 10 vekeskort (22.09-28.09)
 - I tillegg vert det lagt ut 3 sesongkort for utanbygdsjegerar i kvart jaktfelt.
 - Etter 14 dagar ut i jakta vert det og mogleg å kjøpe dagskort i kvart av dei 4 jaktfelta.
 - Innanbygdsjegerar får tilbod om dagskort, vekeskort og sesongkort frå fyrste jaktdag. Desse korta gjeld for heile Ulvik Statsallmenning.
 - ***Framlegget innebær ein reduksjon i antalet vekes- og sesongkort for utanbygdsbuarar frå 131 kort for sal i 2022, til 85 vekes- og sesongkort for sal i 2023.***
 - ***Framlegget innebær ein reduksjon i kortsal i på 35% i forhold til 2022.***
 - ***Estimerte inntekter vil vera avhengig av antal kort som vert seld.***
 - ***Korta vert lagt ut for sal på inatur, etter nærare dato i veke 31/32. Salet vert annonsert i forkant på Ulvik fjellstyre sine web-sider og facebook.***
 - ***Vedtaket er gjort med heimel i §23 i Viltlova.***
 - ***Vedtaket vert sendt Ulvik herad for uttale.***
-

Referat:

Det var ingen merknader til framlegg til vedtak.

Vedtak:

Saka vart einstemmig vedteke.

